



Jorunn Berit Nygård
Rishaugane 20
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/349 - 19/4444

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
09.09.2019

Løyve til å leggja ut flytebrygge.

Administrativt vedtak. Saknr: 024/19


Saksutgreiing:

Byggeplass : Gnr. 168, bnr. 16, ved fergekaien.

Type arbeid : Utlegging av flytebrygge.

Tiltakshavar : Jorunn Nygård

Søknaden gjeld utlegging av flytebrygge på 2,3 x 5,1 meter pluss landfeste og bru frå land.



Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova (pbl). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjekta og utføra.

Etter § 20-4 punkt e i pbl, kan kommunen godkjenna at tiltakshavar sjølv søker om løyve til, prosjekterer og utfører "andre mindre tiltak". Vi ser i dette høve på tiltaka det er søkt om, som "andre mindre tiltak".

Sjø er i det aktuelle området sett av til småbåthamn etter kommuneplan 2012-2024. Punkt 6.10 i føresegnene til planen krev i utgangspunktet reguleringsplan for småbåthamn. For mindre bryggjer er dette ikkje eit krav. Landområdet er i kommuneplan 2012-2024 sett av til bygningar og anlegg. Bygging av landfeste for flytebrygge, er difor i samsvar med kommuneplanen.

Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel. Etter ei tid vart det tvil om det var same plan for flytebrygga som var sendt til naboane som til kommunen. Fedje kommune sende difor ut nytt nabovarsel. Det har ikkje kome merknader i samband med dette varselet. Løyvet gjeld planen som kommunen sende ut saman med det nye nabovarselet.

Tiltaket krev løyve både etter plan- og bygningslova og etter hamne- og farvannslova.

Kommunen gir no løyve etter plan- og bygningslova og sender søknaden til Bergen og omland havnevesen (BOH) for handsaming etter hamne- og farvannslova når klagefristen etter pbl er ute.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 082/16 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Jorunn Nygård får løyve til å leggja ut flytebrygga på 2,3 x 5,1 m, og å bygga landfeste og gangbru frå land i samsvar med plan kommunen sende til naboane 7/8-19. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 16.

Vilkår for løyvet :

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

*** **

Når det gjeld klagerett, syner eg til Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak, som ligg ved.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Kopi til:

Arent Wiken Sjøanesvegen 3 5947 FEDJE

Kopi til:

Atle Nynes	Sjånesvegen 1	5947	FEDJE
Idar Tangen	Flundrevågsvegen 23	5947	FEDJE
Toril Fjeld	Nordåstræet 64	5235	RÅDAL

Mottakarar:

Jorunn Berit Nygård	Rishaugane 20	5911	ALVERSUND
---------------------	---------------	------	-----------